Entreprenør og Tømrarverksemd
REIGSTAD
BYGG OG EIGEDOM AS

**Lindås Kommune**
**v/byggesak**
**Kvernhusmyrane 20**
**5914 ISDALSTØ**

Knarvik, 31.05.2017

**Utgreiing til førehandskonferanse frådeling gbnr 188/200**
Vi viser til avvist sak ref: 17/1106 datert 05.05.2017

Heimelshavarane Kjell, Rolf, Geir og Håkon Reigstad har overtatt gbnr 188/200 etter far Kåre Reigstad (dødsbo).

188/200 består av eit bustadhus oppført kring 1970 og ein større garasje oppføring kring 1991, som har vore nytta til næring, lager/verkstad og kontor.

Kåre Reigstad dreiv føretaket Reigstad bygg og anlegg. I samband med verksemda vart det sett opp større garasje på eigedomen kring 1991. Garasjen vart nytta i verksemda til lager/verkstad og seinare kontor.

Reigstad Bygg og Eigedom as vart etablert i år 2000 med 4 brør og far som eigar. Dette føretaket erstatta då Reigstad bygg og anlegg. Bruken av garasjen og kontoret vart då etterkvart vidareført av den nye verksemda, slik det også er i dag (leigeforhold).

**Vi ønskjer.**
Vi ønskjer no å selje bustadhuset, men behalde garasjen som verkstad/lager og kontor for Reigstad Bygg og Eigedom as. For å få dette til lyt vi dele frå/justere areal samt overføre garasjen til gbnr 188/742.

188/742 vart oppretta med føremål tilleggsareal til 188/200 men vart ikkje formelt overført frå Rolf Reigstad til Kåre Reigstad.

188/6 er eigd av Rolf Reigstad der det er søkt om diverse arealoverføring/grensejustering til/frå.

VVA
Eigedomen er tilknytt offentleg Avløp.
Garasjen er og tilknytt dette via fellesledning (sjå kart)

Eigedomen har hatt eigen brønn og borehol for fylling av brønn.
Garasjen får vatn frå hovudhuset. Det ligg og offentleg vatn i nærleiken, og vi ønskjer at det vert søkt om tilkopling til dette no.

Eigedomen er sikta tilkomst via felles veg til offentleg veg.
I høve pågånde prosess med arealoverføring/grensejusteringar skal det lagast avtale mellom alle partar om rettar i høve veg/tilkomst og vatn/avløp.

**VISJON:**

HEILSKAP
OG KVALITET

Osterfjordv.124
5914 Isdalstø

Org.nr :
982 231 345

epost: post@
reigstadbygg.no

heimeside: www.
reigstadbygg.no

Dagleg leiar:
**Geir Reigstad:**
92 60 82 35
geir@
reigstadbygg.no

**Bygg**

Fagleg leiar:
**Håkon Reigstad**
92 50 82 36
hakon@
reigstadbygg.no

Fagleg leiar
byggesak og
prosjektering:
**Kjell Reigstad**
97 74 79 64
kjell@
reigstadbygg.no

Teikning
Prosjektering,
Byggesak
Nybygg
Tilbygg
Bustad
Garasjar
Hytter

**Entreprenør**

Fagleg leiar
**Rolf Reigstad**
90 03 97 61
rolf@
reigstadbygg.no

Graving,
Boring
Sprenging
Transport
Støyping
Natursteins
Muring
Uteareal
Grøntareal

Tiltak.
Vi har sett det slik at både ny og gamal eigedom lyt sikrast rettigheiter og løysing i høve VVA, og søknad om utvida avkjørsle frå offentleg veg (garasje). Det lyt søkjast om dispensasjon frå plan dersom garasjen skal gjevast status som næring/kontor. Tiltaka lyt nabovarslast.

Vegen vidare.
Vi har i hovudsak klart føre oss korleis vi skal gripe saka, men ønskjer å ha ein dialog med kommunen kva som bør gjerast når. Vidare korleis kommunen stiller seg til dispensasjon frå plan i høve om bygget/garasjen skal flyttast til nytt gbnr 188/742

Med vennleg helsing
For Reigstad Bygg og Eigedom as

Kjell-A. Reigstad
Ansvarleg søkjar